

RETNINGSLINJER FOR STØNAD TIL KULTURARBEID

- § 1 Formannskapet kan etter søknad gi stønad til personar, lag, organisasjonar og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune.
- § 2 Ulike aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett blir prioriterte. Det skal leggast vekt på aktivitetsnivå, medlemstal og årlege utgifter.
- § 3 Desse kan ikkje motta stønad:
- Lag som driv på forretningsmessig basis
 - Organisasjonar som ivaretar yrkesinteressene til medlemmene
 - Politiske lag og aksjonar
- § 4 Nye lag kan få inntil kr. 2.000,- i oppstartingsstønad. Dette gjeld ikkje nye undergrupper innfor eksisterande lag.
- § 5 Søkjarar må leggja ved avskrift av fjorårets rekneskap og budsjett for søknadsåret i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte. Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakt inn i årsbudsjettet, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane. Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.
- § 6 Det kan ytast stønad til deltaking på kurs/konferansar som tar sikte på skoloring av laget sine medlemmer, samt utdanning av leiarar og tillitsmenn. Søknad kan sendast før påmelding til kurs/konferanse, og svar om kommunal støtte blir gitt innan to veker etter mottatt søknad.
- Søknaden skal innehalda:
- kurslengde
 - arrangør
 - program
 - opphalds-/kursavgift
 - materiell-/reiseutg.
 - namn på kursdeltakarane
- Det som blir søkt støtte til skal dokumenterast.
- Tilskot kan ytast med inntil 50% av samla utgifter til reise, opphald og kurs.
- § 7 Det kan ytast stønad til spesielle tiltak. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturkveldar, konsertar og utstillingar, osv., eller større investeringar.
- Inntil kr. 10.000,- blir av Formannskapet årleg utdelt til ein av søkerane. Stønad til spesielle tiltak blir behandla i same møte som fordelinga av kulturmidlar.
- § 8 Kulturkontoret organiserer stønad til kulturarbeid, som blir kunngjort i Bygdabladet. Kulturmidlane og stønad til spesielle tiltak blir behandra om våren, medan stønad til deltaking på kurs/konferansar kan søkjast gjennom heile året.
- § 9 Endringar i retningslinjene skal godkjennast av Kommunestyret.